

Rapport ABP - delprosjekt opplevelingsturisme

Det tre årlige prosjektet ABP opplevelingsturisme har i prosjektperiode hatt høg aktivitet og kan vise til fleire konkrete resultat. Nedanfor presenterer vi dei prioriterte tiltaka det siste året og gir ei oppsummering i korte trekk om dei ulike tiltaka. Vi viser elles til tidlegare rapportering.

Styringsgruppa har bestått av flg. personar:

- Hallgeir Hansen - Nordfjord folkehøgskule/reiselivsgruppa i Gloppe
- Kristin Sandal - Bygdekontoret, Breim
- Gunn Aase Moldestad – Ferda, kompetansesenter opplevelingsturisme/prosjektleiar frå våren 2009
- Jens K Skrede - Reisemål Stryn og Nordfjord
- Anni Felde – Gloppe kommune
- Nils-Magne Gjengedal, grunneigarane i Hyen

Stølsferie i Gloppe

I Gloppe finst det mange stolar, mange av dei i aktiv drift den dag i dag. Mange er godt vedlikehaldne og lett tilgjengeleg både til fots og med bil. Kandalen i Breim er eit døme på aktiv stølsovernatting med 600 geiter om sommaren. Turisttilbodet som tradisjonelt sett har vore knytt til stolane i Gloppe, er ei beskjeden utleige av stølshus til overnatting samt enkelte tilstellingar i samband med aktiv stølsovernatting som t.d. Meieriet i Kandalen.

I samband med trendar som viser etterspurnad etter det ekte, ro og oppladning i naturen, tok Agro Business Park (ABP) våren 2008 initiativet til å få gjort ein enkelt marknadsanalyse av stølsovernatting i ferie og fritidssamanheng. Resultatet frå denne analysen viste at stølsovernatting må sjåast på som ein nisje, men at fleire og fleire etterspør ei slik ferieform.



Styringsgruppa tok vidare initiativet til å få utvikla enkle standardar som gjeld utstyr, møblar, tryggleik m.m. I tillegg vart det utarbeidd eit enkelt prissystem som stølsvartane kunne bruke. Bygdeservice AS hadde ansvar med å kartlegge interessa hos grunneigarar som eig stolar om muleheitene for å leige ut stølshusa sine. 7 – 8 stølsvartar ville vere med å prøve dette.

Sommaren 2008 var ein klar med brosjyre på norsk med eit oppslag på ca 2000 eksemplar. Sjølv om det vart svært få gjestedøgn dette året, vart alle brosjyrane distribuerte. Ei av årsakene til få bestillingar var at brosjyren kom ut først i slutten av juni. Tilbakemeldingane frå folk var at dette var eit godt initiativ og fleire ønskjer å etter kvart prøve tilboden.

Til sesongen 2009 var ein klar med brosjyre både på norsk og engelsk i tillegg til at tilboden var tilgjengeleg på bookingsentralen til Reisemål Stryn og Nordfjord. Tilboden kunne enkelt bestillast over Internett og var tilgjengeleg både på portalen www.nordfjord.no og www.naturogferie.no. Tilboden var også godt annonsert både i Nordfjordguiden (reiseguiden til Reisemål Stryn og Nordfjord) og i Innovasjon Norge sin Norges kampanje. Det var også laga eiga heimeside for støltilboden: www.stølsferie-nordfjord.no

I starten på juni vart det lagt ut testkampanje på Facebook, der vi inviterte familiær og par til å teste tilboden. Deltakarane fekk gratis opphold på inntil to døgn mot at dei måtte skrive essay, svare på evalueringsskjema og ta bilete som fritt kan brukast i samband med marknadsføringa av stolane.

Vi fekk svært høg respons på kampanjen. 14 familiar fekk i løpet av sommaren teste ut tilbodet. Vi har fått svært gode tilbakemeldingar på kva som i dag er bra og kva som er forbetringspunkt. Totalt sett fekk ein gjort ei grundig marknadsundersøking, noko som gjer at vi vidare kan arbeide svært konkret når det gjeld produktutvikling og marknads-/salsarbeid.

I løpet av sesongen hadde 6 stølshus heile 160 gjestedøgn. Dette må sjåast på som ganske bra og vitnar om at tilbodet vil nå større salstal etter kvart som det har etablert seg i marknaden.

Førebuingane til 2010 er allereie godt i gang. Brosyre og oppdaterte nettsider skal vere på plass innan 1. mai. Det er gjennomført evalueringsmøte med alle stølsvertane, turistinformasjon og Reisemål Stryn og Nordfjord. Rådgjevar i Ferda, Siri Stavang, har besøkt alle stølane som er med i dag for å gjennomføre sjekkliste på utstyr samt kvalitetssikring. I tillegg var målet med synfaringa å vurdere koplingar med andre aktivitetar som vandring, fiske m.m. Alle stølsvertane har fått råd om kva som bør prioriterast når det gjeld nødvendige investeringar.

For å få lønnsemrd i tilbodet, må ein få inn fleire stølshus, slik at kapasiteten vert auka. Vi brukar no media og Bygdeservice AS til å invitere nye stølsvertar inn i satsinga.

Gjennom dette arbeidet er det sett i gang gode prosessar og etablert eit tilbod som vi meiner har eit stort potensiale framover.

Gloppen for alle – tilrettelegging for funksjonshemma grupper



Ulike aktørar i Gloppen har gjennom mange år hatt eit ønskje om å få meir av ferie- og fritidstilbodet også tilrettelagt for menneske med ulike funksjonshemmingar. I 1995 vart det gjennomført ei kartlegging av ulike tilbod i Gloppen samt gjort ei vurdering når det gjeld marknad. Resultata frå dette arbeidet var at dette er store forsømte målgrupper også innanfor ferie- og fritidstilbod. Det er få heilskaplege tilbod for t.d. ein familie der eit eller fleire familiemedlem sit i rullestol. Norge generelt ligg langt etter når det gjeld å tenkje universell utforming samanlikna med andre land.

Det er eit mål at Gloppen skal legge til rette for eit auka tilbod også for t.d. rørsle- og synshemma. I prosjektperioden vart det på nytt gjort ei kartlegging av ein del av tilbodet i Gloppen i dag. Det var Olin Eide og Anne Pia Nygård som har gjennomført dette arbeidet. Flg. stader er besøkte:

- Gloppen hotell
- Nordfjord Folkehøgskule/Fjordhotell
- Kvia på Breim
- Norsk Fjordhestgard
- Gloppen Camping
- Karnilstunet
- Nesholmen Leirstad
- Sandal Gardsturisme
- Sandane Taxi

Resultatet frå dette arbeidet er at det framleis er få heilskaplege tilbod i kommunen. Likevel er det fleire som med relativt enkle grep kan få ei godkjenning med rullestolsymbol. Det er rådet for funksjonshemma i Gloppen som vil kunne gje ei formell godkjenning av bruken av rullestolsymbolet.

Også denne satsinga må halde fram. Det er på nytt sett i gang viktige prosessar og arbeid som vil kunne bidra til at Gloppen kan få eit heilskapleg tilbod for t.d. familiar med funksjonshemma barn. Slik vi ser det bør dette gjennomførast som eit eige prosjekt, der målet må vere å både arbeide med tilretteleggingsarbeid, men også produktpakking, marknadsføring og sal.

Nytt turkart for Gloppen

Gloppen kommune har saman med Agro Business Park – delprosjekt opplevingsturisme - teke initiativ til å produsere eit nytt turkart for Gloppen kommune. Kartet vert produsert i den nasjonale turkartserien i målestokk 1:50000 og det er Ugland IT group som skal produsere kartet.

Årsaka til at det er ønskjeleg å produsere eit nytt turkart, er at kartet som finst i dag har vorte forelda på mange måtar, då kartet allereie er 14 år gammalt. Mange av løypene som i dag er merka på kartet manglar i dag vedlikehald. Målet vårt er å dele løypene inn i merka, umerka løyper samt skiløyper. Det vert no noko færre løyper som vert merka (totalt 20 løyper) enn på tidlegare kart, og i staden har vi fleire umerka løyper. På denne måten kan ein få ein betre plan og oppfølging når det gjeld vedlikehald. Deler av teksten vert oversett til engelsk.

Ei anna årsak til at kartet no bør skiftast ut er målestokken på 1:60000. Målestokken på 1:50000 er betre å orientere seg etter.



Kartet skal distribuerast gjennom bokhandelen på Sandane, Eikenæs Bok- og Papir og gjennom Ugland IT group sitt distribusjonsnett som bl.a. større bokhandlarar i Norge.

Arbeidsgruppa består av:

- Jan Kjetil Øygard, kultursjef Gloppen kommune
- Anni Felde, representant for Breim
- Erik Hope, representant for Hyen
- Hallgeir Hansen, representant for Sandane/Vereide

Kartet skal vere klart innan 15. april. Ferda koordinerer dette arbeidet.

Kompetansehevande tiltak

I samarbeid med Nordfjordalliansen og Ferda vart det arrangert kurs i naturguiding. Sistnemnde hadde ansvar for planlegging og gjennomføring. Kurset vart gjennomført mai 2009. Følgjande tema vart gjennomgått:

- Kva er målet med ein guida tur? Kven er gjesten, kva vil han ha?
- Trender i reiselivet
- Kva kjenneteiknar ein god formidlar av natur, historie og kultur?
- Guiden si rolle
- Kommunikasjon og presentasjonsteknikk
- Personforsikring av deltakrar og førstehjelp

Innleigde kurshaldarar var

- Ingerd Dymbe Anda (Heritage Adventure)
- Halvard Avdem (for Natursevice)

Målet med kurset var å tilby eit grunnleggande og praktisk kurs for å utvikle profesjonelle naturguidar i ein stadig meir krevjande reiselivsmarknad. Ein sterk trend er at stadig fleire turistar, både frå Norge og utlandet, i aukande grad vil etterspørje ekte opplevingar som natur- og kulturbaserte aktivitetar og spennande og gode matopplevelingar. Vi er på mange måtar litt "back to nature". Turistar vil ikkje berre sjå på vakker natur, dei vil oppleve den, gjerne saman med ein dyktig guide som i tillegg til god kunnskap om natur og kultur er ein god historieforteljar. Dei aller fleste som kjem til Norge i dag har reist mykje verda over og er svært kvalitetsbevisste. Kravet om profesionalitet og det å kjenne behovet til kundane er derfor avgjeraande for å lukkast som naturguide.

Kurset blei lagt opp til et todagars opplegg med undervisning både innandørs, men også utandørs. Eit mindre område blei nytta som case i kursopplegget.

9 deltakarar deltok. Evalueringa var god og deltakarane var fornøgde med den faglege delen totalt sett.

Oppsummering og vegen vidare

Delprosjekt opplevelingsturisme må kunne seiast å ha vore svært vellukka, og nytteverdien for stølshuseigarar og andre som har delteke har vore god. Tilbakemeldingane har vore at tenesta med rådgjeving og oppfølging til kvar enkelt har vore nødvendig og er etterspurt. Gjennom prosjektet er det sett i gong ulike prosessar for å få fleire grunneigarar til å satse på naturbasert reiseliv. Erfaringane så langt viser at nokre gardsbruk m/ tilhøyrande utmark og stølar i Gloppen har større potensiale enn andre. Nokre grunneigarar har dessutan større motivasjon enn andre når det gjeld vertskapsrolla og nødvendige investeringar – og nokre må sjå noko lenger fram i tid når det gjeld realisering av produktetablering. Likevel, prosessen med å stimulere til satsing er kome godt i gang.

Også tilretteleggingsarbeid som nytt turkart og kartlegging av ferie- og fritidstilbodet i dag overfor funksjonshemma grupper er eit svært viktig arbeid for Gloppen for å kunne arbeide systematisk og målretta framover. Parallelt med dette har det vore gjennomført kompetansehevande tiltak, noko som også er med å styrke satsinga.

Marknadstrendane fortel oss noko om at Gloppen vil kunne verte meir attraktivt som reisemål i framtid. For å lukkast må det arbeidast systematisk og målretta i høve til kva marknaden etterspør og dei ressursane kommunen har. Dette meiner vi delprosjekt opplevelingsturisme har vore ein viktig bidragsytar til.

Førde, 28. januar 2010

Gunn Aase Moldestad
- prosjektleiar